


# LÉIKANGER JAKT OG FISKELAG

## ÅRSMELDING

1979





## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

2

Årsmelding frå Leikanger Jakt- og Fiskelag 1979.

Samansetjinga av hovudstyre og underutval har dette året vore samansett slik:

Formann	Bjørn Monsen
Nestformann	Nils O. Røysum
Sekretær	Torleif Tyssebotn
Kasserar	Rolf Nestby
Styremedlem	Jon Skårhaug

Vararep. til styret: Knut Røysum og Jarle Valsvik.

### Underutval:

- |                |   |
|----------------|---|
| Jaktutval      | : Per Trygve Stadheim (form.)<br>Per Røysum<br>Arne E. Hamre<br>Leif Frækaland (vararep.)                             |
| Fiskeutval     | : Svein Inge Moum (form.)<br>Agnar Gåserud<br>Nils T. Henjum<br>Knut Haukeland (vararep.)                             |
| Revisorar      | : Per Aaberge og Alf Bjørn Skrede   |
| Valnemd        | : Per Henjum<br>Sverre Fossem<br>Steinar Næss   |
| Representasjon | : Bjørn Monsen og Svein Inge Moum på årsmøte<br>til Sogn og Fjordane Fylkeslag av N.J.F.F. på<br>Sandane 9.-10. mars. |



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

3

På årsmøte i 1978 vart namnet på laget forandra frå Syrstrand Jakt- og Fiskelag til Leikanger Jakt- og Fiskelag.

Det har vore tre styremøter i år. Der vart drøfta forskjellige kurs, utslepping av fisk i fjellvatn og elvar og freding av småvilt etter nyttår. Vi har arrangert eit kurs, sleppt fisk og skreve brev til Leikanger Viltnevnd ang. fredinga av småvilt. Vi har enno ikkje fått noko svar på det.

Pr. 31/12-79 har laget 75 medlemar fordelt slik:

61 stk. senior m/tidsskrift

6 " junior "

8 " senior u/ tidsskrift ( 6 menn og 2 kvinner )

Dette er ein auke på 6 medlemar. Det mest gledlege er at det er damer som melder seg inn. Vi er nok litt for lite flinke til å verva medlemar. Vi får gjera det bedre heretter.

Økonomien er for tida brukbar, men vi har store innvisteringar i det prosjektet som vi skal starta opp med i Kleppaområdet.

Leirduebana på Kleppa er no i orden. Det har teke svært lang tid, men no er det berre å venta på våren så vi kan ta til med arbeidet med utskytningsrampen.

Det er stadig fleire som får interesse for leirdueskyting, samtidig er det ein fin trenings til rypejaktå startar.

Medlemar frå laget har delteke på fleire stemner i Sogndal med svært gode resultat. Det er dei same som går att på stembene, men dei som trenar "berre for moro" heime, bør og vera med. Der er det eit godt miljø.

Ellers bør nemnast det storarta arbeidet fiskeutvalet har gjordt ang. utslepp av fisk ( viser til årsrapporten frå fiskeutvalet).



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

4

Resultat frå åpent stevne i Sogndal 30/5-79 med deltagarar frå Førde, Lavik, Årdal, Luster, Sogndal og Leikanger:

Nr. 1	Bjørn Monsen, Leikanger J&F	24	treff
" 2	Ole Johnny Nilsen, Sogndal	22	"
" 3	Geir Vie, Førde J&F	22	"

Vi hadde deltagarar berre i kl. C, resultat:

Nr. 1	Bjørn Monsen , Leikanger J&F	24	treff
" 3	Per Henjum	20	"
" 4	Sverre Fjøsne	19	"

Resultat frå åpent stevne i Sogndal 22/8-79 med deltagarar frå same plassane som på stevna 30/5-79. resultat:

Nr. 1	Per Henjum, Leikanger J&F	23	treff
" 2	Jonny Bruheim, Årdal J&F	22	"
" 3	Jarle Ove Tefre, Førde J&F	20	"

Vi hadde deltagarar berre i kl. C, og den vann Per Henjum.

F.M. i leirdueskyting vart i år arrangert av Sogndal Jeger- og Sportsfiskarlag søndag 10. juni. Der var det då deltagarar frå heile fylket. Der hadde vi deltagarar med, men alle var ikkje like heldig med skytinga. For første gong vart fylkesmeistaren frå vårt lag, men vi vonar det ikkje er siste gong vi har eit medlem på toppen. Før siste lag skulle til å skyte, var det fem stykker som hadde 22 treff. Ola Almenning frå Gloppen leda, og han hadde to napp i vandrepokalen frå før.

Resultat:

Nr. 1.	Bjørn Monsen, Leikanger J&F	24	treff
" 2.	Magne Karstad, Førde J&F	22	"
" 3.	Ole Johnny Nilsen, Sogndal J&F	22	"

Bjørn Monsen vart og vinnar av kl. C med 24 treff.



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

5

På årsmøtet i 1978 vart det drøfta om det skulle premierast for felling av rev, mår, mink, kråke og ravn. Styret fekk der fullmakt til å bestemma kva som skal premierast. I år vert det premiering på rev og mink. Noko anna har vi ikkje fått melding om.

Vi kontakta Leikanger Lensmannskontor for å få oppgitt kven som har skote mest rev og mink. I år er det to stykker som skal ha revapokalen. Begge to har skote 5 stk., og det er

Inge Yttri og Nils A. Røysum.

Minkpokalen vert i år tildelt

Nils A. Røysum

med 3 stk. Vi jaktar for lite på både rev og mink. Medlemmane i laget har skote 13 revar og 6 minkar. I kommunen har det vorte gitt skotepremie på 55 revar og 41 minkar. Det er ein nedgang på 1 stk. rev, medan det er ein auke på 5 stk. minkar.

**MÅR:** Det er ingen som har meldt frå til styret om at dei har skote mår. Skal ein premierast, må styre få melding. Det er ikkje skotepremie på måren, så vedkommande må då leggja fram kvittering frå skinnauksjon e.l. Det er ein del mår, så vi lyt ta oss kraftig saman og jakta meir. GOD JAKT.

**KRÅKE/RAVN:** Bestanden aukar kvart år, men vi går rundt og berre klagar utan å gjera noko. Nei, her må vi gjera noko. Skyt kråker, legg føtene i ein plastpose i frysen. Når året er omme, leverar du dei til formann i jaktutvalet. Har du mest kråke/ravne føter, får du fin premie på årsmøte. GOD JAKT.

**MINK:** Minkpokalen vert i år utgjeven på 3 minkar. Det er alt for lite i forhold til så mykje mink det er. Medlemmane har skote 6 minkar av totalt 41 i kommunen. Vi må ta oss saman. GOD JAKT.



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

6

### ÅRSMELDING FOR 1979 FRÅ FISKEUTVALET.

Fiskeutvalet har hatt denne samansetnaden : Svein Inge Moum - formann. Medl. Agnar Gåserud, Nils T. Henjum og Knut Haukeland. Utvalget har halde tre møte der me blandt anna har drøfta utsetjing av fisk i fjellvatna. Me tok kontakt med grunneigarlaget som var svært positive til tanken om utsetjing av yngel. Det vart slept fisk på følgjande plassar :

Främste Myrdalsvatnet	1800	stk.
Midtre "	900	"
Sleittabotn/Nyastøl	100	"
Voggevatnet	400	"
Voggao / Friksdal	500	"

Desse sytte for at fisken havna vel i vatn : Knut Haukeland, Svein Inge Moum, Agnar Gåserud, Nils T. Henjum, Arthur Røysum, Torleif Tyssebotn, Kurt Langeteig, Bjørn Hagen, Per Røysum, Jon Solhei og Erling Holen.

Fisken som vart slept heiter TUNHOVD og er egna for å leva i vatn høgt til fjels. Fiskeyngel en vart kjøpt ved Årøy Klekkeri og betalt av Systrond Grunneigarlag. Fiskeutvalet i samarbeid med grunneigarlaget skal avgjera når me kan byrja å fiska. Me har hatt kontakt med Henja grend når det gjeld forbod mot garnfiske. Alle grunneigarane møtte ikkje, så dette vil verta teke opp seinare. Dei grunneigarane som møtte var samde i vårt framlegg om forbod mot garnfiske.

Me har i år planar om utslepp i Hovda- og Kvistalivatnet. Me kjem til å ta kontakt med grunneigarlaget med det fyrste. Me har også tenkt å ta kontakt med ytterste delen av bygda vedr. utslepp der.

Me skipa i år til kurs i flukekasting i samarbeid med Sogndal J&Fl. under dyktig leiing av Gunnar Olsmo. Det var 10 døltakarar frå vårt lag og kurset vart halde annakvar gang på Hermansverk og i Sogndal.



LEIKANGER  
JAKT- OG FISKELAG

7

Me har også planar om å ta kontakt med grunneigarlaget om oppdemming av Store og Vetle Fjærlandssætvatnet. Me meinar det er ein stor fordel for fisket i desse vatna.

Som det går fram av rapporten prøver me å halda god kontakt med grunneigarlaget.

Hermansverk den 29. febr.-80

Svein Inge Moum

Sign.

Agnar Gåserud

Sign.

Nils T. Henjum

Sign.

Knut Haukeland

Sign.

Årsreknskap for 1978-1979.

Inntekter	Debet	Utgifter	Kredit
Lotteri	3560,50		Opprettning av postgirokonto 30,00
Gåve fra Leikanger Sp. bank	2500,00		Bet. O.J. Skjeldestad 97,70
Kulturmiddlar	1000,00		" Elvegard Kafe 150,00
Gåve fra Johan Bondhus	40,00		" Sogn og Fjordane 28,55
Medlemskontigent	1193,50		" S/S/A 33,60
Renter Bank	129,15		" Ingv. Husabø Prenteverk 643,80
			Representasjonsutgifter 703,00
			Porto 175,00
			Bet. J. Svædal 55,80
			<u>1917,45</u>
	<u>8423,15</u>		
Inntekter		Utgifter	1917,45
		Saldo driftsoverskot	<u>6505,70</u>
			<u>8423,15</u>
Saldo driftsoverskot	6505,70	I Leikanger Sparebank 5042,85	I kasse 341,50
		P& postgiro 1121,35	
		<u>6505,70</u>	<u>6505,70</u>

Hermansverk 28/2-80  
Rolf Nestby  
kass.



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 29. FEBRUAR 1980 PÅ KAFE "ELVEGARD".

Møtet starta kl.19. og formannen som leia møtet la fram saklista som innehold fylgjande postar:

1. Opning.
2. Val av to til å skriva under møteprotokollen.
3. Årsmelding.
4. Årsmelding frå fiskeutvalet.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Orientering om arbeidsoppgåver i 1980.

Punkt 1: Formannen opna møtet og ynskte velkommen.  
Ca. 25-30 personar møtte.

Punkt 2: Per Henjum og Olsmo vart valde til å skriva under møteprotokollen.

Punkt 3: Formannen gjekk gjennom årsmeldinga.

Punkt 4: S.I. Moum gjekk gjennom årsmeldinga frå fiskeutvalet.

Punkt 5: R. Nestby gjekk gjennom rekneskapen for 1979.

Punkt 6: Tillitsmenn vart valde i samsvar med valnemnda sitt framlegg slik: (for 1980 og 1981)

STYRET: Nestformann: Nils O. Røysum.

Sekretær : Torleif Tyssebotn.

Varamenn : Knut Røysum og Aasmund Aasen.

### JAKTUTVALET:

Formann : Per Trygve Stadheim

Medlem : Arne E. Hamre

Varamann : Leif Frækaland.

### FISKEUTVALET:

Medlem : Agnar Gåserud.

Varamann : Knut Haukeland.

REVISORAR: : Per Aaberge og Alf Skrede.

VALNEMND 1981 : Steinar Næss

: Sverre Fossen

: Jakob H. Holen.

I "Leirduebanenemnda", som m.a. skal stå for innkjøp av skot og duer, vart fylgjande innvalde: Per Henjum, Per Trygve Stadheim, Arne Skogli og Jon Skårhaug. Per Trygve Stadheim vert



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

2

kontaktperson ved tinging av skot.

Punkt 7: Kurs i flåing av pelsdyr. Nestformannen orienterte om tilbod frå Odd Skogheim i Fresvik om demonstrasjon i flåing til hausten. Medlemane vert nærmare varsla om dette pr. brev.

Fiskekonkurransar. Planane går her ut på å halda ei stemna på Fjærlandsete ei helg. Vidare er det tanken å arrangera ein konkurranse på/ved sjøen (strekninga Fiksnes-Fatlaelva vart nemnd som avgrensing).

Opningsstemne skal arrangerast i høve ferdiggjering av leirduebana. Laget skal prøva å få leiga hjorteløyve til bruk for medlemane.

Til fylkesårsmøtet vert ikkje sendt utsendingar.

Likevel kjem B.Monsen som formann i valnemnda og kanskje S.I.Moum som medlem i valnemnda, til å reisa på fylkeslaget si rekning.

---

Nestby takka så Oslo for instruktørverksemda i høve kurs i flugekasting og overrekte han ein banksjekk på kr.280,-, kosta av deltakarane på kurset.

"Minkpokalen 1979" vart tildelt Nils A. Røysum for tre fellte mink. Inge Ytri og Nils A. Røysum fekk begge tildelt "Revepokalen 1979" for kvar sine fem fellte rev.

Styret fekk i oppdrag å prøva å få leiga E-verket si hytta i Trastadalen.

Henjaelva og fisket der vart drøfta. Her bør bringast på det reine kvar ein skal venda seg for å få løyve til å fiska. Likeeins bør det undersøkast om det kan gjerast noko for å betra tilhøva i elva. Det vart nemnd at det kanskje burde takast kontakt med aktuelle instansar for å få brakt på det reine om det er råd å foreta utbetringar i elva.

Utsetting av fisk i dei ytre deler av bygda vart drøfta, men det kom ingen konkrete framlegg.

Det vart sett fram forslag om "Bingo" for å betra økonomien i laget.

Det kom fram ynskje om at laget engasjerer seg når det gjeld størviltjaktprøve, men dette vart ikkje konkretisert.

---

Det vart så arrangert eit lotteri der det vart sold 200 lodd 'a kr.2,-.

Årsmøtet vart heva kl.21<sup>15</sup>

Møteprotokollen godkjent.

T.Tyssébotn (sekretær)(s).